

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 8.juni 2021

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 8.juni 2021 kl. <u>17.00-19.00.</u>
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Marit Grimstad og Oddbjørg Løkling
Opning:	Marit Stalheim Grimstad

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Ingebjørg R Grønsdal, Katrine Valvatne Kvernenes, Kristine Wiersen, Ståle Betten
SAKLISTE

2022/25- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2021/26 -012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 27.april 2021

Vedtak: Godkjent

2021/ 27 - 317 Takkeofferliste:

Soknerådet skal vedta ei offerliste til kvart semester.

Vedtak: Soknerådet vedtek den framlagte offerlista.

2021 /28 - Sommarfullmakt

Vedtak: Nysæter sokneråd gir arbeidsutvalet (AU) fullmakt til å gjera vedtak på vegne av rådet i sommarferien, avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglar har høve til å delegera.

Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møtet etter sommarferien.

2021/ 29 - 012.1 Møtedatoar for hausten 2021:

Vedtak: Følgjande møteplan for hausten 2021 vart vedteken:

AU:17.08 soknerådsmøte: 07.09

AU: 08.09 soknerådsmøte: 28.09

AU: 19.10 soknerådsmøte: 02.11

AU: 30.11 soknerådsmøte: 07.12

2021/30-365 Orientering og utfordring frå frivilligruppa:

Soknerådet tok orientering til vitande.

Vedtak: Nysæter sokneråd bed Diakoniutvalet, Trusopplæringsutvalet og Gudstenesteutvalet utforma ein rettleiar for frivillig teneste i kyrkja etter same mal som gudstenesteutvalet i Stord har gjort. Utkast skal vera ferdig til 1.september.Skrivar sender skriftleg melding om dette til utvala.

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 8.juni 2021

2021/31 - 130 Årsrekneskap 2020 frå KPMG

Saksutgreiing: Vedlagd ligg årsrekneskap for Nysæter sokneråd 2020 frå KPMG som viser eit driftsunderskot/meirforbruk på kr 7 802.

Vedtak: Nysæter sokneråd tek årsrekneskapet frå KPMG til orientering og godkjenner reknekapet for 2020. Driftsunderskotet for 2020 vert teke frå ubundne fond.

Drøftingssaker:

Kyrkjelydspedagogane ynskjer innspel på kva tankar soknerådet har om konfirmantarbeidet framover.

- kvardagsaktivitetar på kyrkja - attraktive for konfirmantar
- ta idear frå Bogafjell/ miljøtiltak/ kjøkkenhage...
- knyta ungdomane til TOL-tiltak om dei ynskjer det
- kystkulturgrp saman med Kystlaget
- symaskingrp for alle aldrar (er på gong...)

Det er nedgong i talet på dåp pga. Corona. AU ynskjer at soknerådet skal drøfte eventuelle tiltak for å auke dåpstala.

- kan informasjon om dåp leggjast på Helsestasjonen i Sagvåg?
- info om dåp i Bladet Sunnhordland, Stord 24, Vestlandsrevyen, FB, kyrkja si heimeside
- sokkar til alle nyfødde frå kyrkja på Helsestasjonen
- reklamera for gratis utlån av dåpskjole, festlokale (kyrkjelydssalen)
- «Drop-in-dåp»
- bruka Spira aktivt med info om dåp
- gåve til dåpsbarnet

Referat og meldingar:

- Møtebok Stord sokneråd 19.mai 2021
- Referat frå TOL 21.04 2021
- Referat frå diakoniutvalet 23.04.2021

Generell info:

- a. Kyrkjelege aktivitetar framover
- b. Smittevern
- c. Gudstenestene framover: Vervagst går ut grunna smittevern.
- d. Felles kursdag 21.august om ny kyrkjeleg organisering. Meir info. kjem

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet vert 07.09.21 i Nysæter kyrkje kl. 17.00-19.00
Opning: Oddbjørg
Kaffi: Ingebjørg